Simen Tallaksen og Lars Unar Larsen Vegstein (nyhetssjefer)
Åse Brandvold | Aina Helgheim | Pål Hellesnes
Frida Holsten Gullestad | Jo Skårderud (Trondheim)
Ole Magnus Rapp (Tromsø)
Anne Kari Hinna | Martin Årseth (Bergen)

NYHETER

## Selger seg helt ut av Aker

**FERDIG:** I går solgte staten alle aksjene sine i Aker Carbon Capture og Aker Offshore Wind. – Vårt mål er å styrke det private eierskapet i Norge, og regjeringen har vært tydelig på at vi ikke er en langsiktig eier, sier næringsminister **Iselin Nybø** (V). Staten får 563 millioner kroner for 33,1 millioner aksjer i Aker Carbon Capture og 215 millioner kroner for 33,1 millioner aksjer i Aker Offshore Wind. Staten eide henholdsvis 5,85 og 4,88 prosent av aksjene. Selskapene ble skilt ut fra Aker Solutions i august i fjor. Stortinget godkjente i desember 2020 en fullmakt for salg av selskapene.



©NTB

■ Bønders frustrasjon over økonomien veks ■ Berre kylling

# Sakkar akterut



**STREV:** Stadig fleire bønder rapporterer om dårlegare lønnsemd på garden, ifølge ei ny undersøking.

LANDBRUK

**Av Anne Kari Hinna (tekst), Bergen, og Fartein Rudjord (foto), Eidsvold**

587.600 kroner. Det er den gjennomsnittlege lønna i Noreg. Blant bøndene, som no ventar på tilbodet frå staten, er spennet i inntekt stort, men berre fjørfebøndene gjer det betre enn gjennomsnittet.

Frustrasjonen over lønnsemda og økonomien i landbruket aukar. Det viser Landbruksbarometeret 2021, som Agrianalyse gir ut på måndag. Undersøkinga baserer seg på svar frå 3991 aktive gardsbrukarar og viser blant anna at:

■ 57 prosent oppgir at lønnsemda er dårleg eller veldig dårleg, mens 48 prosent svarte det same i 2015.

■ I Agder, Rogaland og Vestland er delen av bønder som svarar at lønnsemda er dårleg eller veldig dårleg, størst.

■ Bønder frå Oslo og Viken, Trøndelag og Telemark opplever i større grad at lønnsemda på garden sin er bra.

Inntektsmessig (vederlag til arbeid og kapital) ligg saubonden på botn med 231.000 kroner, slått av bønder som driv med ammeku, korn, grønsaker og mjølk. Alle har dei ei inntekt på under 400.000 kroner i året.

Dårlegast inntektsutvikling frå 2019 til 2020 hadde bønder med grønsaker, frukt og bær, mjølk og geiter.




**FAKTA**

**Landbruksoppgjeret:**

■ Krav til staten frå bondeorganisasjonane er i år på 2,114 milliardar kroner.

■ Kravet vil gi ei inntektsauke på 48.700 kroner for bøndene, der 30.000 er for å ta att andre samanliknbare grupper.

■ Bøndene krev også mindre mjølkekvotar og styrking av dei minste bruka.

■ Staten kjem med sitt tilbod tysdag 4. mai, og forhandlingane held fram med frist 15. mai.

### Misnøye med blå retning

Tysdag legg staten fram tilbodet sitt til bondeorganisasjonane, som har kravd ei inntektsauke nær 50.000 kroner.

Barometeret viser ei aukande misnøye med landbruksoppgjera dei siste åra, og det er fleire bønder som er ueinige i retninga landbruket har tatt med stadig større gardar og færre bønder.

På påstanden «Bøndene har grunn til å være fornøyd med jordbruksoppgjøret forrige år», var det 60 prosent i år som var ueinige, mens berre 48 prosent var ueinige i 2019.

Dagleg leiar i Agrianalyse Christian Smedshaug seier det er viktig å legga merke til den store inntektsvariasjonen mellom dei ulike bøndene. Han trekk også fram at retninga landbruket har tatt dei siste åra, med ein stadig større konsentrasjon i produksjonen, ikkje er ein farbar veg vidare fleire stader.

– Det er ei grense for kor mykje areal dei resterande bøndene på Sørlandet, Vestlandet og i Nord-Noreg kan greia å driva. Det er eit viktig poeng, seier han.

Ifølge Landbruksbarometeret er bøndene heilt tydelege på at dei ønsker å bremsa utviklinga. Berre 8 prosent var einige i påstanden «det er nødvendig med en videre strukturutvikling i landbruket mot større og færre bruk».

Smedshaug meiner det er rom for eit godt landbruksoppgjer i år.

– Det oppblåste statsbudsjettet i fjor med ekstraordinære tiltak som jordbruket ikkje var del av, viser at det er ein del å gå på.

### Etterlyser gjennomgang

Eit sentralt grep som er tatt under den borgarlege regjeringa, er å fjerna arealgrensa for tilskott og dyrehald, pluss å heva kvotetaket for mjølk.

Smedshaug meiner dei forslaga som jordbruket har kome med no for å redusera kvotetaket frå 900 til 600 tonn, avgrensa støtte til 100 mjølkekyr og maks 500 andre storfe, er eit godt utgangspunkt som kontrar grepa landbruksminister Sylvi Listhaug (Frp) tok.

– Dei bør gå igjennom alle desse og sikra at dei ikkje blir unødvendig strukturdrivande, seier han.

I forkant av landbruksoppgjeret opplever bondeorganisasjonane eit press nedanfrå, gjennom aksjonen Bondeopprør21, som har fått stor støtte på kort tid.

– Dette har bygd seg opp over lang tid. Dei opplever nok at det ikkje er ei klar retning for nokon av aktørane på å avgrensa fallet i lønnsemda, og ingen plan for å sikra tilstrekkeleg investeringsverkemiddel for gjennomsnittsbruket, seier han.

Han trur opprøret vil halda fram.

– Opprøret er massivt no, og vil forsterka seg inn i neste stortingsperiode, trur han.

annekarih@klassekampen.no

# Må være bestevenn

VERDT Å VITE

**SJALU:** Hunder blir sjalu, ifølge en ny studie fra University of Auckland. Det skriver forskning.no. Forskerne satte hundene i situasjoner hvor eieren enten var med en rosa fleece-sylinder eller en kunstig hund. Hundene reagerte konsekvent med uttrykk som kunne tolkes som sjalusi overfor den kunstige hunden, og ikke overfor fleecesylinderen. For eksempel dro hundene hardt i båndet når de trodde at eieren klappet en annen hund. vv



# bonden er over lønnsgjennomsnittet



**IKKJE BERRE KOS:** Småbrukar Magne Stenersen på Eidsvold i Viken kan ikkje leva på sauehald aleine. Sauebønder tener aller minst av bøndene i Noreg med 231.000 kroner i snitt i året.

## Får 2,50 kroner kiloen for kjøtet

Magne Stenersen er småbrukar på Eidsvold i Viken. Han og kona har 30 vinterfôra sauar, i tillegg til høner og grønsaker. Sauen får han lite att for.

– Når alt av utgifter på sau er med, så har me 30.000–40.000 kroner på å ha sauen, pluss avrekning på lamma. Det er ille med tanke på arbeidstimane me legg ned, seier Stenersen, som sit i fylkesstyret i Norsk Bonde- og Småbrukarlag i Akershus og Oslo.

– Viss eg sender inn ein vaksen sau til slakt, får eg mellom 2,50 og 8 kroner kiloen. Det er så lågt at det er ein hån. Når eg har vaksne søyer som skal takast ut, er det nesten betre at eg lagar min eigen mat for det, seier han.

Lammekjøt er det betre betalt for.

– Viss me sender inn lamma til slakt, er det, litt avhengig av når du sender dei inn, frå 25 til 41 kroner kiloen. Men du må over 13 kilo på slaktevekta for å få støtte. Under det får du ikkje støtte, seier han.

Totalt fekk Stenersen i fjor 60.000 kroner i støtte frå staten for både sauedrifta, hønene og grønsakproduksjonen.

Fordi det er rovdyr i området, sender han ikkje sauene i utmarka. Det taper han på, på grunn av tilskottsordninga er for beiting i utmark.

– Totalt sett har me vel inntekt på rundt 600.000 kroner på garden. Det meste av salsinntektene kjem av grønsakene, og me har ein liten gardsbutikk og eit lite andelslandbruk. Det får me ikkje tilskott for, seier han.

Stenersen driv med den gamle norske sauetypen spælsau, som ofte ikkje blir så stor og dermed kastar lite av seg.

– Me har sett spørsmålsteikn rundt heile sauedrifta. Me jobbar mykje med sauer og får ingenting att, seier han.

Stenersen meiner det må takast grep for å motverka konsentrasjonen i landbruket, og prisen på sau må opp.

– Generelt sett må me ha ein inntektstopp for å komma på same nivå som resten av samfunnet. Det er alfa omega for at me skal satsa på mellomstore gardar, seier han.

Arild Rønsen

**RØNSEN PÅ FREDAG**



Abortspørsmålet er plutselig ikke så enkelt.

# Uke 22?

**Abortloven har fungert fint** helt siden 1978. Til og med Kristelig Folkeparti har stilltiende godtatt den, selv om de strengt tatt er motstander av kvinnens rett til sjøl å bestemme. Men idet KrF skulle velge regjeringspartner, la Erna Solberg ut et agn. Dermed var loven «i spill».

Er det KrF som nå har fått det som de vil?

Jeg er litt i stuss om hva som *egentlig* er bestemt på landsmøtene i Ap, SV og Rødt – ledelsen i de respektive partiene har også litt ulik framstilling av saken. Men grovt sagt: Ap vil ha sjølbestemt abort til uke 18, SV og Rødt går for uke 22.

Mange av oss som stemmer på disse partiene syns dette er en vanskelig sak. Ikke fordi vi vil at nemndene skal avgjøre – dette er kvinnens sak. Problemet er «uke 22». På dette tidspunktet i svangerskapet veier individet som skal bli hun eller han, nesten en halv kilo, og er nesten 30 centimeter langt. Føttene er nesten 40 millimeter lange.

*«Bør dette være opp til ett menneske å avgjøre?»*

Vi snakker om en svært smertefull operasjon – både for mora og jordmora. Og er ikke dette et menneske?

**Min interesse i dette spørsmålet** har begrensa seg til at jeg alltid har støtta kvinnens rett til å bestemme – ikke «i siste instans», men som den enerådende part. Det er mulig jeg har vært naiv og lite ettertenksom, men i så fall tror jeg ikke jeg har vært aleine: Jeg har alltid tenkt på abort som «å fjerne en celle i utvikling».

Men abort i uke 22 er i virkeligheten en avbrutt fødsel. Vi nedlegger forbud mot å avslutte livet til gamle folk som lider og som ikke har annet ønske enn å dø. Men å avbryte et liv som er to dager unna å være et menneske vi kan berge livet til – det er helt OK? Og bør dette i så fall være opp til *ett* menneske å avgjøre?

Jeg syns dette er problematisk.

**Men jeg gleder meg over president** Joe Bidens tale natt til i går! Jeg så talen i real time, og innrømmer at kaffekoppen fikk påfyll av en liten avec underveis. Mitt tips er at mange amerikanske velgere – både demokrater og republikanere – valgte samme løsning. Kanskje for å døyve smertene.




**ENKELT:** Men det var før, mener Arild Rønsen.

Jeg har ikke hatt spesielle forhåpninger til dette presidentskapet. «Same shit, new wrapping», har jeg tenkt. I utenriks- og sikkerhetspolitikken er nok dette riktig, men i sosial- og arbeidslivspolitikken har jeg heldigvis tatt alvorlig feil. Og dette er jo viktigst for folk flest i USA – dagliglivet.

**Betalt fødselspermisjon**, subsidierte barnehageplasser, gratis videregående utdanning, et tilnærmelsesvis offentlig finansiert helsevesen, en minstelønn å leve av – vekk med «working poor»! I Norge ville Joe Biden vært en «lillavelger» – i fritt svev mellom Høyre og Ap. Men i amerikansk sammenheng er han jo en revolusjonær!

**Verdens samla brutto nasjonalprodukt** falt i fjor med 4,4 prosent. Samtidig økte militærutgiftene med 2,6 prosent. Det er bare å gratulere de som styrer Nato, enten de befinner seg i Brussel eller i Washington – og heiagjengen i Oslo.

Ukas kunstner: Vanessa Baird.

Ukas lydspor: Ola Kvernberg – «Steamdome II – The Hypogean».

**Arild Rønsen**
arild@puls.no / www.arildronsen.no / @arildronsen